

## KVEN ER VI, OG KVA KAN VI HJELPE MED?

Språktenesta for statsorgan er ein del av Språkrådet. Vi skal yte språkhjelp med to mål for auga:

- Språket i staten skal bli betre og klårare.
- Fordelinga mellom nynorsk og bokmål skal bli jamnare.

Vi kan gå igjennom språket i statlege tekstar og gje skriftleg tilbakemelding. Vi kan òg tilby skreddarsydd opplegg eller kortare kurs som kan vere baserte på ein slik gjennomgang.

I ein viss mon kan vi òg ta på oss omsetjing (frå bokmål til nynorsk) og språkvask av særskilt viktige dokument.

### Ta kontakt med oss

Vi tek imot språkspørsmål og andre førespurnader. Bruk adressa [stat@sprakradet.no](mailto:stat@sprakradet.no).

Meir informasjon om språktenesta finn du [her](#).

## FOR MÅLTROSTAR

### Kan, skal eller må + -st

På bokmål kan vi skrive t.d.: «Søknad sendes departementet.» Det kan vi ikkje på nynorsk. «Søknad sendast departementet» er feil. Vi må ta med eit hjelpeverb: «Søknad kan/skal/må sendast til departementet.»

Når vi instruerer nokon, slik som her, kan vi beint fram nytte imperativ (bydeform): «Send søknaden til departementet.» Somme tykkjer vel at det verkar uhøfleg. Men ein kan snu på det: Den som kjem inn i eit rom og seier «Vinduet lukkes!», vil truleg ikkje bli hugsa for høvisk framferd.

Ein kan òg koste på seg «*Ver venleg og send ...*». Slik kan det gjerast!

## FOR BOKFINKER

### Bevilling eller bevilgning?

Mange blander sammen *bevilling* og *bevilgning*.

En *bevilling* (nyno. *løyve*) er en tillatelse fra offentlig myndighet til å drive en bestemt virksomhet (jf. *translatørbevilling*, *skjenkebevilling*). Man kan ikke «bevillings» noe, for det finnes ikke noe slikt verb.

En *bevilgning* (nyno. *løyving*) kan være et pengebeløp som noen får tildelt. Å *bevilge* betyr altså å stille penger til rådighet (etter vedtak). Man kan også *bevilge seg* noe, altså tillate seg noe eller ta seg råd til noe, for eksempel en fridag eller et nytt slips. Det man derimot ikke kan gjøre, er å «innvilge seg» noe. Å *innvilge* noe betyr nemlig å gå med på noe, å samtykke i noe – gjerne noe som noen har søkt om.

## SPRÅKSPØRSMÅL

**Spørsmål:** Heter det *delegering* av myndighet eller *delegasjon* av myndighet?

**Svar:** *Delegering* og *delegasjon* er et av ordparene der -ing og -sjon har fått ulik betydning. *Delegasjon* brukes mest om en gruppe utsendinger (delegater), mens *delegering* brukes om det å overføre myndighet til andre. I juridisk språk brukes nok fremdeles *delegasjon av myndighet* mest. Vi mener at det på moderne norsk er mer klargjørende å skrive *delegering av myndighet*, så denne formen råder vi både jurister og andre til å bruke. Les mer [her](#).



## SPRÅKEGGET

Tilskota til denne spalta er vorpne av skribentar i stat og presse.

«Dersom du skal oppholde deg i landet mer enn tre måneder, må de fleste søke om oppholdstillatelse.»

Tenk deg om to gonger. Ventetida kan bli lang.

Send oss gjerne fleire egg. Ikkje vent til påske!

«Det nytter f.eks. ikke at kræve klart sprog hvis chefen i virkeligheden synes at den snørklede kancellistil er skabt af Vorherre og ikke kan ændres. Man kan kort sagt ikke ændre sproget hvis man ikke også ændrer holdningerne – i modsat fald bliver der tale om en ren kosmetisk behandling.» Leif Becker Jensen

## SKINNENDE NYE SKJEMAER

Språktjenesten og FAD har samarbeidet med eksterne språkkonsulenter om et pilotprosjekt for å gjøre språket i statlege skjemaer og standardbrev mer brukervennlig. De første utkastene er nå ute til høring i etatene, og prosjektet har fått mykje medieoppmærksomhet.

Les mer:

[Språkrådet](#)  
[Regjeringen.no](#)  
[Firdaposten](#)

## NOKON FOR OSS?

Er du oppteken av språket i staten? Då vil språktenesta gjerne høyre frå deg. Vi ønskjer å lage eit nettverk av språkinteresserte statstilsette.

I første omgang satsar vi på korte og uformelle samkomer med utveksling av røynsler og informasjon.

Send ei melding til [stat@sprakradet.no](mailto:stat@sprakradet.no). PS: Vi treng fleire nynorskningar!